



### Inn frå havet

Kystkommunen Gulen ligg sørvest i Sogn og Fjordane på grensa til Hordaland. Landarealet er på 596 km<sup>2</sup>, inkludert 1500 øyar, holmar og skjer. Spennet er langt frå dei yste nakne øyane mot Nordsjøen i vest, til dei frodige landbruksbygdene mellom dei ville fjella i aust. Dei 2500 fastbuande fordeler seg jamt på dei fire skulekrinsane Brekke, Dalsøyra, Eivindvik og Byrknes.



### Gulatingløypa

Nordsjøløypa i Gulen er ein rundtur frå Sollibotn til Flolid og attende, ca 14 km. Turen eignar seg både som fot- og sykkeltur. Løypa følgjer vegtraseen. Her ferdast du i fotspora til dei gamle vikingane på si ferd til tings. Frå Sollibotn kan du ta deg inn til det historiske senteret Eivindvik på to måtar. Du kan anten fylgje vegen langs "Prestesundet", eller ta deg ut mellom rabbar og lyng langs den merka turstien frå Sollibotn. Deretter går du ei lita stund gjennom det nyaste bustadområdet i Eivindvik, før du kjem inn til sentrum. Du kan òg gå turløypa "Prestegardsstien". Her kan du sjå og lære meir om kulturminna og historia om gamle Eivindvik - før du går eller sykklar vidare til Flolid og Tusenårsstaden Gulatinget.

### "Graffarane" frå Gulen

Tek du av frå hovudvegen og går turstien inn til Eivindvik vil du passere gamle televerkssminne bygde i 1910, med kunstferdig bygde fundament for telefonstolpar. Desse vart reist av "graffarane" - anleggsfolk som bygde telegraf- og telefonliner rundt om i landet. Frå Gulen kom eit hundretals telegrafarbeidarar. Inga bygdelag i Noreg hadde så mange graffarar som Gulen. I 1905 reiste jamvel mange graffarar frå Gulen til Island for å bygge den første telefonlina frå Seydisfjord til Reykjavik.



Telefonstolpe på kunstferdig bygd fundament. Foto: Anne-Karin Misje

### Krossane i Eivindvik

Dei tusen år gamle steinkrossane i Eivindvik står på kvar side av plassen der ein meiner at Gulatinget



På Flolid er Sogn og Fjordane sin Tusenårsstad, Gulatinget. Anlegget vart opna for publikum i august 2005 og biletet frå denne markeringa. Foto: Ytre Sogn Avis

først var samla, og er vende mot kvarandre. Begge krossane er frå tidleg kristningstid og er truleg ein arv frå ein av misjonskongane rundt år 1000 e.kr. Den eine steinkrossen, ein norsk-keltisk type, finn du ved inngangen til kyrkja. Karakteristisk er dei rette krossarmane med halvsirkelrunde "armholer". Den andre er av engelsk type med store, runde krossarmar og ein latinsk kross meisla inn på framsida. Han står i Krossteigen bak kommunehuset. Den engelske krossen står slik at han alltid står i ljøs frå sola, sjølv på den mørkaste dagen i året, ved vintersolkverv.

### Olavskjelda

Rett nedanfor krossen i Krossteigen kan du sjå Olavskjelda. I følgje segna har kjelda fått namnet sitt fordi Heilag Olav ein gong drakk frå den. Kjelda renn mest aldri tom og vatnet skal etter segna ha helsebringande eigenskapar.

### Gulatinget

Gulatinget var ei årlig tingsamling der bønder frå heile kysten møttes i Gulen for å drøfte saker som skattlegging, veg- og kyrkjebygging, militære plikter og ei rad andre spørsmål. I tillegg brukte tinget å dømme i tvistemål og kriminalsaker. Når tinget samla seg i Gulen første gongen veit vi ikkje, men det var i alle høve etablert på 900-talet.



Den over 1000 år gamle keltiske krossen ved kyrkjegardsmuren i Eivindvik.

### Eivindvik


Fasilitetar og opplevingar:

-  Hytteutleige
-  Daglegvarer
-  Gjestebrygge
-  Kulturminne
-  Hotell
-  Sykkeltutleige
-  Turistinformasjon






Frå starten på løypa i Sollibotn.  
Foto: Anne-Karin Misje



Badeliv ved tusenårstaden.

Det er rimeleg å rekne at Gulatinget vart skipa ein gong tidlegare i Harald Hårfagre si regjeringstid. I Eivindvik kan dei gamle steinkrossane frå mellomalderen tyde på at det kan ha vore der tinget var samla. I Landslova står det at Kong Håkon Håkonsson bygde ei kyrkje på Guløy og førde tinget dit. Guløy er i dag namnet på halvøya som stikk ut mot sør frå Flolid-området. I området rundt Tusenårstaden er det funne fornminne som skriv seg heilt attende til steinalderen, men ikkje restar etter kyrkja som er nemnt i saga. Likevel er det truleg at Gulatinget kom saman i dette området gjennom det meste av 1200-talet, før tinget til slutt vart flytta til Bergen rundt 1300 e.kr.



### Monumental kunst

På Tusenårstaden Gulatinget kan du sjå dei monumentale installasjonane Tingveggen, Tinghella og Eldsirkelen som er laga av kunstnaren Bård Breivik. Du kan og ta ein runde på stiane i parkområdet, og slappe av på dei store grasvollane, mens du mediterer over relieffane i den mektige Tingveggen. På Eldsirkelen kan du grille eller tenne opp bål og på plenane er det fritt fram for spel og aktivitetar. Finn gjerne fram badebuksa og ta ein dukkert i badevika om veret tillet det! Deretter går turen attende til Eivindvik og Sollibotn. Rundturen tek omlag 2 timar å gå, men her er turopplevingar nok til ein heil dag.

### Kommunikasjon

Kommunikasjonane nord- og sørøver er gode. Frå Sløvåg sør i kommunen kan du ta ferje til Mongstad (ca 25 min.) Frå Mongstad tek det 1 time med bil til Bergen. For å komme nordover i fylket kan du ta ferje frå Rutledal-Rysjedalsvika eller Oppedal-Lavik. Frå Lavik tek det omlag 1 time til Førde. Med Snøggbåt kan du reise sørover til Bergen, austover til Indre Sogn og nordover til Ålesund.


### Tusenårstaden Gulatinget

På kaia i Eivindvik kan du leige sykkel og sykle vidare til Flolid og Tusenårstaden Gulatinget, eller du kan gå



Tusenårstaden som kulturell møteplass.  
Foto: Anne-Karin Misje

Historisk spel ved 1000 årstaden.



### ALLEMANNRETTEI GJELD I UTMARK

#### Rettar:

- Ferdast fritt til fots og på ski
- Raste og overnatte
- Ri eller sykle på stiar og vegar
- Ferdast fritt i båt, fortøye og gå i land i utmark langs kysten
- Plukke bær, sopp og blomar
- Bade i sjø, vatten og vassdrag
- Fiske med sportsfiskereiskap etter saltvassfisk

#### Plikter:

- Ikkje skade naturmiljøet eller uroe dyr og fuglar
- Ikkje gå i dyrka mark og eng
- Ikkje gjere opp eld i skog og mark mellom 15. april og 15. september
- Hundar skal vere i band på offentleg veg eller i naturen. I utmark er det bandtvang i tida 1. april til 15. oktober og når dyr er på beite.

Meir informasjon:  
Turistinformasjon  
Jensbua:  
tlf.: 57 73 90 20  
Gulen kommune:  
tlf.: 57 78 20 00

Rute info: 177  
Tekst: Øyvind  
Nordstrøm  
Harald Haugejorden  
Anne K. Misje  
Kart: Ugland IT Group

Løyvenr.: MAD  
12002-510646  
Formgjeving:  
**eko** Førde



**Nordsjøløypa**  
North Sea trail er eit samarbeid for vern av Nordsjøregionen sin felles kulturarv som kommunikasjon og transportåre.  
Supported by Interreg IIIb North Sea Programme

dei vel 4,5 km gjennom Eivindvik langs vegen. Tusenårstadane, ein i kvart fylke, skulle vere møteplassar for samhandling, kulturopplevingar og utfolding, hente inspirasjon frå andre kulturar, og representere verdiar for framtida. Tusenårstaden vart opna i 2005.